



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 22.01.2016

Tid: 09.00 -15.00

Møtestad: Granvin heradshus, Granvin

Rådmenn: Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik) Magne Vassenden, Prosjektleiar og Trine Grønbech (Vaksdal) under sak 1

Administrasjon: Jostein Eitrheim (Hardangerrådet iks) Sekretær og Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Forfall: Einar Hauge (Voss)

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

- 09.00 Sakshandsaming
- 11.30 Lunsj
- 12.30 Orientering: Dyrk smart – oppfølging i kommunane
Interkommunalt samarbeid – Ny næringsutvikling ?
v/ Leif Øie og Sjur Ove Svartveit
- 13.30 Sakshandsaming
- 15.00 Møteslutt

Orientering frå Dyrk Smart ved Sjur Ove Svartveit og Leif Øie.

Forslag om prosjekt for Merkevarerbygging Hardanger.

1. Forprosjekt fram til Hardangerkonferansen.
2. Hovedtema på Hardangerkonferansen
3. Hovedprosjekt 2017 – 2019

Innspel om korleis ein kan auka fruktproduksjonen ved t.d. utleige av dyrka mark.

Innspel om det kan tenkjast at prosjektet kan førast vidare i ein Fase 2 der ein lyfter dette vidare Evt. kobla lokalmat på dette prosjektet.

Innspel om å lyfta dette prosjektet inn til NCE Tourism / Innovasjon Norge.

Sakliste Rådmannsforum:

**RF-sak 01/16 Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss
2014-2015 - Sluttrapport til Fylkesmannen i Hordaland.**

Epost frå Voss kommune:

Voss kommune er ikkje klar til å forplikte seg til interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern. Vi skal ma. gjere ei utgreiing om organisering av den kommunale legetenesta. Parallelt med denne, vil vi sette arbeidet med miljøretta helsevern ut på anbod.

Med helsing

Einar Hauge
rådmann

Epost frå Voss kommune vedr. Miljøretta helsevern. vert teken til orientering. Vaksdal kommune kjøper i dag denne teneste frå Bergen kommune.

Tilbakemeldinga frå Voss kommune vert lagt inn i rapporten til Fylkesmannen.

Evalueringsseminar vert endra til: Evaluering – vegen vidare.
Vurdera å henta inn ekstern kompetanse for å sikra ein god gjennomføring av dette seminaret.

Prosjektleiari og dagleg leiar utarbeider notat som grunnlag for gjennomføring av dette seminaret. Hans Atle Soldal vert teken med i dette arbeidet.

Vedtak:

Styringsgruppa godkjenner framlagt rapport m/vedlegg som sluttrapport for Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss 2014 – 2015. Denne vert oversendt til Fylkesmannen i Hordaland.

Prosjektleiari og dagleg leiar lagar pressemelding om prosjektet. Denne vert sendt ut i veke 4.

RF-sak 02/16 Meldingar

Det var ingen framlagde meldingar.

Vedtak:

RF-sak 03/16 Møtebok frå Regionrådsmøte 10.12.2015 og 14.01.2016 Orientering

Orientering frå Rådmannsforum, Hordaland og Rådmannsutval må vera fast post i Rådmannsforum.

RF-sak 04/16 Plan for program for rådmennene i samband med Regionrådet sitt besøk til Hordalandsbenken på Stortinget 05.04.2016 – Drøfting

Det vert lagt opp til felles program for ordførarar og rådmenn med unntak av besøk til Hordalandsbenken. Rådsordførar, leiar av rådmannsforum og administrasjon utarbeider forslag til program for formiddagen tysdag den 5. april.

RF-sak 05/16 Høyringsuttale – Forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstenesta

Vedtak:

Det vert ikkje sendt felles uttale frå Hardangerrådet i denne saka.

RF-sak 06/16 Interkommunalt samarbeid – Oppfølging etter Dyrk Smart

Saka vart drøfta i samband med presentasjon frå Sjur Ove Svartveit og Leif Øie.

Vedtak:

Administrasjonen arbeider vidare med mogeleg forprosjekt for å styrka Merkevarer Hardanger gjennom auka fokus og samarbeid mellom fruktnæring, vidareforedling av frukt, lokal matproduksjon og reiselivsnæringa.

RF-sak 07/16 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.

- Eidfjord: Orientering frå Arild Steine vedr. Kommunereform
- Adm: Orientering om Plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Hardanger Vassområde: Ulvik herad er klar til å overta rolla som leiar etter Odda kommune.

RF-sak 08/16 Søknad om skjønnsmidlar for prosjektkoordinator - Mottak av einslege mindreårige flyktningar.

Vedtak:

Ullensvang herad og Hardangerrådet v/Dagleg leiar utarbeider søknad på eige søknadsskjema som ligg på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> I vedtak i Regionrådet er søknadsfrist for «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2016» sett til 26. februar for kommunane i Hardanger. Denne fristen er sett for å gje tilstrekkeleg tid til saksførebuing og prioritering i Regionrådet for søknadsfrist til Fylkesmannen som er 11. mars 2016.

Jostein Eitrheim
sekretær